

# Sosiometrisk kartlegging

steg for steg

Praktisk rettleiing og gjennomføring av sosiometrisk kartlegging, 2. utgåve

Etiske vurderingar

Tekst: professor Sigrun K. Ertesvåg  
Layout: Karoline Reilstad

Vidare lesing

# Introduksjon

Sosiometrisk kartlegging er ein forskingsbasert metode som gir informasjon om relasjonar mellom personar i ei gruppe.

Kartleggingsmetoden er utvikla av J.L. Moreno på 1920- og 30-tallet. Seinare er metoden vidareutvikla og har hatt ei rekke bruksområde, mellom anna avdekking av sosiale relasjonar mellom elevar i skuleklassar.

I skuleklassar kan kartleggingsmetoden nyttast både i arbeid med heile klassa, enkeltelevar og mindre grupper. Metoden kan nyttast for å avdekke kva rolle og posisjon enkeltelevar har i klassen eller relasjonar elevar ynskjer å ha til medelevar.

Ved å gjenta kartlegginga kan ein avdekke endring i strukturen ettersom strukturen i ei gruppe er dynamisk. Endringar i strukturen kan òg vere eit resultata av systematiske tiltak som er sett inn.

Kunnskap om sosiale relasjonar i klassen kan nyttast både i forebyggande arbeid og som del av tiltaksrekjjer for å møte særlege behov hjå enkeltelevar eller grupper av elevar. Vanlegvis inngår sosiometrisk kartlegging då i ei større tiltakskjede med anna systematisk kartlegging, til dømes individuell kartlegging av enskildelevar, for å avgjere kva tiltak ein skal sette i verk.

Uavhengig av om kartlegginga vert gjennomført som del av forebyggande arbeid eller særskilte tiltak ligg ei samla vurdering til grunn for val av tiltak.

Tiltak kan til dømes vere retta mot styrking av læringsmiljøet i ei klasse, trening av sosiale ferdigheter hjå enkeltelevar eller grupper av elevar, nettverksbyggande tiltak både innan klassa og mellom heim og skule.

# Kva er sosiometrisk kartlegging?

Sosiometrisk kartlegging kan ein nytte for å identifisere strukturen av relasjonar mellom elevar i ei klasse.

Metoden kan nyttast for å avdekkje grupperingar av elevar, elevar som fell utanfor klassefellesskapet, populariteten til einskildelevar og maktposisjonar elevar har i klassa.

Informasjonen frå kartlegginga kan mellom anna nyttast som grunnlag for tiltaksarbeid med utgangspunkt i ein eller fleire elevar. Gjennom usystematiske observasjonar av elevar får læraren eit omrentleg bilet av dei sosiale relasjonane mellom elevar i ei klasse.

Ved å observere kven som sokjer saman i frie aktivitetar, i friminuttet eller elles når elevane sjølve kan velje kven dei skal vere saman med, får læraren kjennskap til korleis medelevar omgår kvarandre.

Samstundes føregår det mykje i klassa og læraren vil ha vanskar med å ha oversikt over alt som til ei kvar tid skjer i elevgruppa.

Klasser med mange subgrupper og mange isolerte elevar tenderer til å oppleve meir disiplinproblem og mindre fellesskapskjensle enn klassar utan slike gruppestrukturar.

Ein ynskjer klasser som fungerer godt saman sosialt og gir gode føresetnadnar for at elevane skal utvikle seg sosialt og fagleg.

Gjennom sosiometriske kartleggingar kan ein identifisere relasjonar mellom elevane for om nødvendig setje inn tiltak for å endre relasjonsstrukturen.

Sosiometrisk kartlegging kan supplere usystematiske observasjonar ved å kartlegge sosiale relasjonar mellom personar.

# Kva er sosiometrisk kartlegging? (forts.)

Det treng ikkje vere vanskeleg å oppdage isolerte elevar gjennom usystematisk observasjon, men det kan vere vanskeleg å avdekkje kven av medelelvane denne eleven har størst føresetnad for å få nærmare kontakt med.

Sosiometrisk kartlegging erstattar ikkje observasjonar, men er eit supplement. Metodane kan òg korrigere læraren si oppfatning av strukturar i klassa då studiar har vist at lærarar og elevar ikkje treng vurdere ein elev likt (Ollendick, Oswald og Francis, 1989).

Ei sosiometrisk kartlegging kan gi eit meir presist bilet av elevane sin posisjon i klassa enn læraren ofte kan, dels fordi det føregår mykje elevane i mellom som læraren ikkje kan ha oversikt over, dels fordi læraren ikkje set tilstrekteleg fokus på dei sosiale relasjonane mellom elevane.

Eit sosiogram er såleis ei kartlegging av relasjonar innan ei gruppe. Formålet er å avdekke grupperestrukturar, det vil seie det grunnleggande nettverket av venskap og subgruppeorganisering.

Relasjonen mellom ein kvar elev når det gjeld gruppa som heilskap er ein annan type informasjon som kan verte avdekt gjennom eit sosiogram.

Verdien av eit sosiogram ligg i potensialet læraren har for å få større forståing for relasjonar i gruppa slik at han/ho kan leie gruppa meir innsiktsfullt og utvikle gode læringsmiljø for kvar einskild elev.

Sosiogram kan gjennomførast på mange ulike måtar. Metoden som er skildra her er slik eg i si tid lærte den av professor Olav Sletta, kanskje den som har nytta sosiometriske kartleggingar mest i Noreg. Metoden slik Sletta nytta den, er mellom anna presentert i ei bok basert på doktorgrada hans (Sletta, 1985).

Eg har tidlegare presentert og drøfta metoden (Ertesvåg, 1999; 2000). Presentasjonen her bygg dels på denne presentasjonen, men er revidert og vidareutvikla.

# Gjennomføring

Gjennomføring av sosiometriske kartleggingar er verken særleg vanskelege eller tidkrevjande.

Kva ein stiller spørsmål om og korleis ein stiller spørsmåla har samanheng med føremålet med kartlegginga. Om ein ynskjer å avdekke venskapsstrukturen i ei klasse, bør ein stille spørsmål om kven elevane vil ha som beste ven(er).

Ynskjer ein å avdekkje kven elevane vil arbeid saman med i grupper knytt til fagleg eller sosial aktivitet, kan ein spørje om kven ein vil arbeide saman med i denne spesifikke aktiviteten. Andre alternativ kan vere knytt til leik, kven ein vil vere saman med i friminutt osv.

For trinn der elevane kan lese og skrive tilstrekkeleg, kan ein gjennomføre kartlegginga ved hjelp av spørjeskjema der dei aktuelle spørsmåla er sett opp.

På dei lågaste trinna bør ein innhente informasjon gjen-

nom intervju med kvar einskild elev. Arbeidet vert då meir tidkrevjande, men sikrar at elevane forstår spørsmåla og gir informasjon i samsvar med desse.

Ved å stille fleire spørsmål til elevane samstundes kan ein få eit meir utfyllande bilet av relasjonane mellom elevane. Til dømes kan det vere slik at elevar har ulike sosial posisjon dersom ein samanliknar preferansar som ven og preferansar for fagleg aktivitet.

Eit døme på dette er elev 24 som i illustrasjonen av venerval ikkje har nokon val, medan illustrasjonen av gruppeval viser at fire elevar har preferanse for han som samarbeidspart i gruppeaktivitet knytt til samfunnsfag. Den faglege kompetansen til ein elev har, kan såleis gjere han populær som samarbeidspart.

# Praktiske vurderingar

Når ein granskar venskapsrelasjonar bør ein la elevane nemne så mange eller få elevar dei ynskjer. Ser ein på studiar av venskapsval varierer talet på vener elevar nominerer når dei sjølve får bestemme kor mange dei vil nominere.

Talet på nominasjonar varierer med alder, til dømes valde elevar på 8.trinn 2,1 medelevar i snitt (Ertesvåg, 2002), altså færre enn tre som gjerne nyttar når spørsmålet er knytt til kven ein vil arbeide saman med i grupper i ein sosial eller fagleg aktivitet.

Ved å be elevane om å nominere tre medelevarar som ein ynskjer som ven kan ein såleis få eit kunstig tett netteverk at venskapsrelasjonar og såleis eit upresist bilet av dei sosiale relasjonane i klassa. Ved granskning av grupperelasjonar kan ein derimot med fordel avgrense talet på val til det naturlege for den gitte aktiviteten.

Dersom spørsmåla er knytt til fagleg aktivitet der elevane skal arbeide saman i grupper på fire, er det naturleg å be elevane nemne dei tre dei ynskjer å arbeide saman med.

Det kan vere tenleg å gi elevane ei liste med namnet på alle elevane i klassa, dette kan vere med på å «minne» elevane på kven som er i klassa og kven ein kan velje. Ei slik liste vil òg skape meir ro i kartleggingssituasjonen då elevane ikkje treng sjå seg rundt i klassa for å «hugse» kven ein kan velje.

Av praktiske grunnar kan ein erstatte namna med tal når ein gjennomfører kartlegginga, dette har særleg vore nytta når sosiometrisk kartlegging er nytta i forsking. Det kan vere praktisk òg når ein nyttar kartlegginga i praksis, mellom anna når ein skal visualisere relasjonane i eit sosioogram. Sjølv sagt kan læraren då sjølv erstatte namn med nummer.

# Datainnhenting

**Utgangspunktet for sosiogram er data frå gruppemedlemmene som svarar på spørsmål som desse:**

- Kven i klassa vil du ha som din(e) beste ven(er)?
- Tenk deg at de skal arbeide saman i grupper på fire i eit prosjekt om andre verdskrigen i samfunnsfag. Kven tre av elevane i klassa du no går i ville du aller helst arbeide saman med?
- Tenk deg at de skulle danne nye klasser. Kven frå klassa du no går i, ville du ha med i ei ny klasse?
- Kven vil du vere saman med i friminuttet?

Skjema kan sjå slik ut (set inn link)

Spørsmålsformuleringa bør vere så realistisk som mogleg og kan vere knytt til andre fagområde, friminuttsituasjonar, venskap og så vidare.

Det har vore hevda at elevane så langt som mogleg bør få vala innfridd (Jenkins, 1959 her frå Balson, 1996). Det er grunn til å vere forsiktig med dette.

Nokre relasjonar kan vere ueheldige både for dei involverte og/eller for klassa sett under eitt.

Ein må difor vere forsiktig om å gi førehandslovnad til elevane om å innfri eit visst tal eller alle vala.

Spørsmåla til venstre er døme på den «positive nominasjonar»-teknikken: positiv fordi du spør etter kven vil vere saman med, ha som ven, eller ha med i ny klasse.

Når ein ber elevane om å nomenere eit visst tal av medelevar, til dømes tre, vert teknikken skildra som «bestemt positiv nominasjonar».

# Datainnhenting (forts.)

Enkelte forskrarar tilrår bruk av negative spørsmål for å avdekke negative emosjonar mellom elevane.

Eit døme kunne vere «*kva tre personar vil du ikkje arbeide saman med i eit prosjektarbeid om andre verdskrig i samfunnsfag?*».

Dette er eit døme på «bestemt negativ nominasjonar». Negativ nominering er omdiskutert, sjølv om det ikkje er uvanleg å nyte det, òg her i landet.

Det kan likevel vere grunn til å frårå å nyte negative nominasjonar. Farmer og Cairnes (1991) fann i ein studie at

elevane vegra seg for nominere negative nominasjonar.

Det er eit viktig argument for å ikkje nytte negativ nominasjonar. Like viktig er det at sjølv om elevane er fullt klar over at det er sympatiar, så vel som antipatiar mellom enkelt elevar og grupper av elevar, er det noko ganske anna at vaksne viser aksept for antipatiar ved å etterspørje dei.

Sjølv om ein misser noko informasjon ved å berre etterspørje positive nominasjonar, er det ikkje tilrådeleg å nytte negative nominasjonar.

## Anonymitet

Elevane må sikrast anonymitet ved at ingen utanom læraren, og eventuelt andre vaksne det er naudsynt å dele informasjonen med, får kjennskap til vala einskildelevar gjer.

Elevar bør heller ikkje få kjennskap til strukturen i klassa, sjølv om dette vert framstilt anonymisert.

Dette mellom anna for å unngå spekulasjonar om kven som ikkje er valde og kven som er mest populære.

# Sosiometrisk matrise

Når vi har alle dataa frå elevane, er neste steg å lage ein oversiktstabell (matrise) over vala deira. Det gjer vi ved å sette opp ein tabell.

Vi har sett opp alle elevane med tall frå 1 til 24 både i første kolonne og i første rad. Det gir grunnlag for å gi ei oversikt over både einsidige val og gjensidige val.

## **Les korleis du fyller ut matrisa på dei neste sidene.**

# Sosiometrisk matrise (forts.)

Vi startar med å fylle ut vala for elev 1 til 3. Der ser vi at elev 1 har valt elev 3, elev 14 og elev 24. Det er angitt i raden som angir elev 1 med en horisontal strek.

I den siste kolonnen gir vi tal val eleven har gjort. I dette tilfellet er elevane bedne om å oppgi tre elevane dei vil jobbe saman med i fagleg aktivitet.

Vi kunne vente det sto 3 i alle radene. Elev 2 har berre gjort to val. Det er eksempel på at elevane, sjølv om de er bedt om å velje fleire, vel færre. Dermed er det angitt med talet 2 i siste kolonne.

# Sosiometrisk matrise (forts.)

Så kan vi fylle ut alle vala for elevane. Dette gir oss ei oversikt over alle ein-sidige val som elevane har gjort.

I den siste kolonnen varierer det fra 0 til 3. 0 er dei elevane som ikkje var til stades, og ikkje gjorde val. Nokre har gitt berre to val, sjølv om dei blei bedne om tre.

# Sosiometrisk matrise (forts.)

I nest nedste rad, kan vi telje val elevane har mottatt.

Elev 1 i kolonne 1 har to val.  
Han er valt av elev 6 og 9.  
Tilsvarande har elev 2 fire  
val frå elev 13, 19, 21 og 24.

Slik kan vi bortover sjå alle  
vala elevane har mottatt. Vi  
ser at det varierer frå 0 (elev  
4, elev 6 og elev 9) til 5 (elev  
3).

Det er fleire elevar som har  
fem val. I ei klasse på 24 ele-  
var er fem val mykje.

	1	2	3	4	5	6	7	8	*	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24
1																								
2																								
3																								
4																								
5																								
6	-																							
7																								
8																								
9	-																							
10																								
11																								
12																								
13																								
14																								
15																								
16		-																						
17																								
18																								
19																								
20																								
21																								
22																								
23																								
24																								
	3	4	8	0	2	0	2	3	0	2	4	3	3	8	3	8	3	1	2	2	4	3	4	

# Sosiometrisk matrise (forts.)

## Nå skal vi sjå på gjensidige val.

Vi ser på rad 1 igjen. Elev 1 har valt elev 3, 14 og 24. ingen av desse har valt elev 1. Det betyr at alle vala til elev 1 er einsidige. Her angir vi framleis vala til elev 1 med ein horisontal strek.

Vi ser at elev 2 har valt 13 og 21. Vi ser at elev 13 har valt elev 2. Det har og elev 21 gjort. Det betyr at begge vala elev 2 har gjort, er gjensidige. Det angir vi med en loddrett strek som gjer at elev 2 får angitt to gjensidige val, med elev 13 og 21.

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24
1		-											-											
2													*								*			
3														*								*		
4															*									
5															*									
6															*									
7															*									
8															*									
9															*									
10																*								
11																*								
12																*								
13			*														*					*		
14																	*							
15																	*							
16																	*							
17																	*							
18																	*							
19																	*							
20																	*							
21			*															*						
22																		*						
23			*																*					
24																			*					
	1	4	5	6	3	9	2	8	6	2	4	3	9	9	1	9	8	1	2	2	4	1	1	8
	9	2	3	8	2	8	1	3	8	8	1	3	3	3	1	3	3	2	8	8	2	8	2	1

# Sosiometrisk matrise (forts.)

På same måte fyller vi inn alle gjensidige.

Tal i nedste raden gjensidige val. Elev 1 har mottatt to val, men ingen gjensidige. Dei elevane som har valt elev nummer 1 har ikkje elev 1 valt.

Elev 2 hadde mottatt fire val, og to av dei var gjensidige. Slik får vi oversikt over einsidige og gjensidige val.

Vi får oversikt over val elevane har fått totalt, og vi har en oversikt over kor mange gjensidige val kvar elev har. Dette gir grunnlag for i neste omgang å setje opp eit sosiogram.

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	
1																									
2																									
3																									
4																									
5																									
6																									
7																									
8																									
9																									
10																									
11																									
12																									
13																									
14																									
15																									
16																									
17																									
18																									
19																									
20																									
21																									
22																									
23																									
24																									
	2	4	6	8	2	6	2	3	0	2	4	1	2	0	1	8	0	1	2	2	4	1	3	4	
	0	2	2	6	2	6	1	5	0	0	1	3	1	2	3	2	0	0	2	0	2	1	0	2	

# Sosiogram

Når vi har fått på plass matrisen, kan vi lage eit sosiogram.


Sosiogram viser strukturar og mønster av interaksjonar mellom personar i ei gruppe. Ein kan identifiserer relasjonsmønster og ulike grupperingar i klassa.

I illustrasjonen er einsidige og gjennsidige val satt inn.

Ei slik oversikt vert ofte uoversiktleg, og i døme ovanfor har vi gjort fleire forsøk.

Når vi har dette bildet kan me sjå nærmare på ulike individuelle fenomen og gruppefenomen.

Eit sosiogram er ein visuell representasjon av relasjonane mellom elevane i klassa.



Jenter er identifisert med sirklar, gutter med trekantar. Talet viser til eleven som har fått det identifiseringsnummeret. Grøne piler viser einsidige val, og gjesidige val er markert med rauda pilare.

# Analyse

I analyse av resultata frå sosiometriske kartlegginga ser ein både på individuelle fenomen som seier noko om korleis den enkelte elev plasserer seg i det sosiale kartet, og gruppefenomen som viser ulike typar relasjonar mellom elevane.

## Individuelle fenomen:

### Einsidige val


Val frå ein elev til ein annan utan at eleven som er vald har valgt eleven tilbake.  
(Vist med grøn pil)

### Gjensidig val

To elevar som vel kvarandre.  
(Vist med raud pil)

### Isolerte elevar

Elevar som ingen vel.  
(Elev 4, 6 og 24)



### Stjerner

Elevar som har gjensidige val med mange andre elevar.  
(Elev 16)

### Særlege maktposisjonar

Ein elev som sjølv ikkje har mange gjensidige val, men er valt einsidig eller gjensidig med ein elev eller fleire elevar som er identifisert som stjerne. (Elev 19)

# Analyse(forts.)

## Gruppefenomen:

### Inn- og utgrupper


Her ser på strukturen i heile klassa under eitt. Ein ser om det er fleire store grupperingar i klassen der det er få eller ingen val mellom gruppane, eller om det er ei stor gruppe og enkeltelevar som ikkje har val med nokon i den store gruppa.

I illustrasjonen er det få val mellom jenter

(sirklar) og gutar (trekantar) slik at det er to store grupper i klassa.

Slik deling mellom jenter og gutar er vanleg for visse aldersgrupper, og ein fortek seg såleis lite.

Finn ein slik klar deling i grupper, uavhengig av kjønn, er det noko som gir det grunnlag for vidare analysar.



### Subgrupper

Tre eller fleire elevar der alle elevane i subgruppa har valt dei andre i gruppa. Der ei subgruppe kan delast i mindre subgrupper, vert størst mogleg subgruppe registrert.

Til dømes vil fire elevar som vel kvarandre gjensidig og utgjere to grupper av tre elevar som vel kvarandre. Her vert berre firargruppa registrert.


# Analyse

## Gruppefenomen (forts)

### Kjeder


Elev A vel elev B som vel elev C som vel elev D der dei to nærmeste elevane gjensidig vel kvarandre utan at vala går tilbake til ein elev fleire gangar.

Minimum fire elvar inngår i ei kjede og leggst mogleg kjede vert registrert. (Mellan elev 7 og elev 12).




# Analyse

## Gruppefenomen (forts.)



### Sirklar

Kjeder av gjensidige val av fire eller flere elevar der kjeda går tilbake til første elev.  
(Elev 8, 14, 17, 6, 7, 12 og 8)



### Øyer

Grupper av elevar som gjensidig vel kvarandre, men der elevane ikkje har val med nokon utanom gruppa og utan at andre vel medlemmer av gruppa.  
(Elev 8, 14, 12 og 17).

# Tolking

Resultata vert tolka i lys av teori og studiar av kva konsekvensar ulike sosiale posisjonar og strukturar har for grupper av elevar i tilsvarende aldersgruppe. Generelt gir dette grunnlag for å tolke informasjonen.

I tillegg kan ein sjå resultata i lys av andre typar sosiometrisk kartlegging og dei usystematiske observasjonane læraren gjer dagleg.

Dette er eit viktig supplement i tolking av kartlegging når denne skal nyttast i vidare tiltaksarbeid. Gjennom ytterlegare observasjon, elevsamtaalar/intervju og drøfting i

klassa kan ein kartlegge relasjonar, og på bakgrunn av dette sette inn tiltak for å styrke eller endre relasjonar mellom elevar i klassa.

Dette kan vere eit omfattande arbeid som skil seg frå klasse til klasse og kan vere avhengig av om arbeidet er førebyggande eller ut frå eit identifisert problem. Kva tiltak ein vel er avhengig av kva problem kartlegginga avdekkjer.

Uavhengig av formål med kartlegginga er det nødvendig med generell kunnskap om grunnlaget for relasjonar mellom elevar (sjå til dømes

Ertesvåg, 1999).

Det er grunn til å peike på avgrensingane i metoden. Sosiometrisk kartlegging gir eit bilet av relasjonsstrukturen på eit gitt tidspunkt og for den aktiviteten spørsmålet er knytt til.

Det er difor viktig å understreke at ein ikkje kan tolke resultata utover dei spørsmåla som vert stilt. Ein måte å i møtekome desse avgrensingane på er å stille fleire spørsmål.

Ofte nyttar ein spørsmål om venskap og om fagleg aktivitet slik det er vist til under datagrunnlag.

**Informasjon frå sosiometrisk kartlegging åleine gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å sette inn tiltak.**

# Ulike typar sosiometrisk kartlegging

Sosiometrisk kartlegging har utvikla seg i fleire ulike retningar gjennom åra etter den klassiske sosiometriken til Moreno (1934).

Kinderman (1998) viser til at ein kan sjå tredelt utvikling i samband med studiar av skuleklassar.

**1. Kartlegging av sosial status** (t.d. Asher og Coie, 1990;)  
Spørsmål som: *Kven i klassen likar du / likar du ikkje?*

**2. Kartlegging av venskap** (t.d. Furman, 1996;  
Spørsmål som: *Kven er din beste ven?*

**3. Kartlegging av sosial tilknytning** (t.d. Cairns m.fl. 1988;  
Spørsmål som: *Tenk på klassa di. Er det nokon som er mykje saman? Er*

*det grupper av elevar som er mykje saman?*

I tillegg til desse tre hovudtypane av kartlegging kan ein argumentere for ulike mellomtypar av desse hovudformene.

Til dømes kan ein argumenterer for at tilnærminga Sletta (1985) og Sletta m.fl. (1995) nyttar med valkriteria ven, gruppe og klasse er ein kombinasjon av tilnærming 1. og 2.

Særleg interessant er det at Kinderman ser studiar av sosial tilknytning

etter Cairns og kollegaene, som ei form for sosiometri.

I studiar der Social Cognitiv Map (SCM) utvikla av Cairns og kollegaene for kartlegging av sosial nettverstilknytning, vert metoden sett som ei erstatning for sosiometrisk kartlegging (t.d. Farmer og Cairns, 1991).

Særleg interessant er dette i lys av at Kinderman har vore med å utvikle SCM.

# Sterke og svake sider ved ulike typer kartlegging

## Utnytta potensiale

I mange samanhengar vert ikkje informasjonen som vert innhenta fullt ut utnytta (Frederickson & Furnham, 1998; Ertesvåg, 2002).

Ein nyttar ofte berre talet på nominasjonar, eventuelt ein indeks basert på forholdet mellom positive og negative nominasjonar.

I liten grad utnyttar ein visualiseringa av nominasjonar som sosiogram kan gi.

Dette gjeld særleg når sosiometrisk kartlegging er nytta i forsking, men

også når metoden er nytta i praksis nøyser ein seg med å sjå på talet på val og på gjensidige val ulike elevar får, i tillegg til å sjå på kven som vel kvarandre.

Som det er vist til under drøftinga av analyse misser ein då mykje informasjon som vert tydeleg gjennom visualiseringa som sosiogram kan gi.

Døme er ulike kjeder og subgrupper som trer tydeleg fram i sosiogram.

Potensielle maktposisjonar er ikkje mogeleg å identifisere om ein nøyser seg med å sette opp ei matrise.

Frederickson & Furnham (1998) gir ei oversikt over drøftingar i tilknytning til sosiometriske teknikkar til kartlegging av sosiale relasjoner mellom elevar.

Artikkelen viser gjennom tidlegare studiar mangfaldet både i innsamling av data og i analysar.

Dette metodiske mangfaldet viser at sosiometrisk kartlegging har utvikla seg dels med utgangspunkt i ulike bruksområder, men også som resultat av ny kunnskap om relasjoner mellom elevar.

# Sterke og svake sider ved ulike typar kartlegging (forts.)

Utviklinga har òg bakgrunn i erfaringar med dei ulike formene for kartlegging.

Eit døme er SCM som dels vart utvikla som resultat av at Cairns og kollegane (t.d. Farmer og Cairns, 1991) erfarte at elevar vegra å gi negative nominasjonar.

Cairns og kollegane utvikla ei tilnærming der elevane rapporterte kven som var saman i klassa, slika at alle elevane i utgangspunktet rapporterte om alle, ikkje berre dei som dei sjølve likte eller ynskte å vere saman med.

Ein kan argumentere for at dette ikkje erstattar tradisjonell tilnærming med spørsmål om kven ein likar/ikkje likar ellervilveresaman med, men gire ein annantypeinformasjon (Ertesvåg, 2002).

Social Cognitive Map gir eit bilet av elevane si kollektive oppfatning av kven som er saman i ei klasse/gruppe.

Ein styrke ved denne type kartlegging er at ein kan få eit godt bilet av kven som er saman i ei gruppe utan at alle elevane er tilstades.

Er om lag 60 prosent av elevane tilstades har studiar vist at ein likevel

får eit godt bilet av relasjonar mellom elevane.

Samstundes kan ein oppleve eit etterslep i elevane sin kollektive oppfatning av relasjonar i klassa.

# Sterke og svake sider ved ulike typar kartlegging (forts.)

Ein intervensionsstudie samanlikna elevane sine venskapspreferansar med SCM-kartlegging.

Den viste at medan elevane samla framleis hadde ei sterk kollektiv oppfatning av ei gruppe på fire jenter ved prosjektslutt, viste jentene sine eigne preferansar ei oppmjuking av gruppa ved at det i tillegg til å vere fleire gjensidige val innan gruppa òg var gjensidige val med medelevar utanom gruppa (Ertesvåg, 2002).

Dette illustrerer godt at alle metodane har sterke og svake sider og såleis må nyttast medvite ut i frå kva type informasjon ein har behov for.

Venskap har vore kartlagt ved å identifisere dei beste venene til kvar elev. Her er det gjerne krav om gjensidige nominasjonar for å kvalifisere som venskap. Dette fordi born gjerne nominerer andre som ven, men langt frå alle val er gjensidige (Parker & Asher, 1993).

**Ein kan identifisere venskap på fire ulike måtar (Hartup, 1996):**

**1:** Be barna sjølve, foreldre eller lærarar identifisere vene og kva relasjonar som er gjensidige.

**2:** Be barna ta stilling til kor godt dei likar kvarandre.

**3:** Observere i kva grad born søker og opprettheld nærliek til kvarandre.

**4:** Måle kor gjensidige relasjonane er og i kva grad barn samhandlar i sosial interaksjon.

Såleis har òg kartlegging av venskap, som sosial status, fleire ulike tilnærmingar.

Ei tilnærming fell saman med ei utbreidd tilnærming til sosial status. Her ber ein barna ta stilling til kor godt dei likar medelevarane.

Dette er eit døme på overlapping mellom dei tre hovudkategoriane innan utvikla sosiometrisk kartlegging.

# Referansar og litteratur

Ertesvåg, S.K. (1999) Sosiometrisk kartlegging i skulen. *Spesialpedagogikk.* 1, 3-9

Ertesvåg, S.K. (2000) Sosiometrisk kartlegging steg for steg. Praktisk rettleiing i planlegging og gjennomføring av sosiometrisk kartlegging. <http://www.sv.ntnu.no/ped/sigrun.ertesvag/sos1.htm>

Ertesvåg, S.K. (2002) "Små grupper som sosial læringsarena. -Ein kort longitudinell studie av treining av kommunikative dugleikar hjå elevar i 8.klasse." Dr.polit avhandling, NTNU

Ertesvåg, S.K. (2003) Sosial status og sosialt nettverk i ei klasse med ein elev med multihandikap. *Nordisk tidsskrift for Spesi-alpedagogikk*, 1, 53-65

Flack, T. (2010) Innblikk – Et sosial-analytisk verktøy for å avdekke skjult mobbing. Stavanger, Senter for atferdsforsking, Universitetet i Stavanger.

Moreno, J. L. (1934). Who shall survive? A new approach to the problem of human inter-relations. Washington, DC: Nervous and Mental Disease Publishing.

Sletta, O. (1985) Sosiale bytteforhold ved sosiale samspill i skoleklasser. Oslo, Universitetsforlaget.